

FN sin barnekonvensjon

Artikkel 19 (kortform) :

Staten skal verne barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, vanstell eller utnytting frå foreldre og andre omsorgspersonar.

«Eg lurar så på kvifor du spring.»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 1 Den/dei tilsette



- Den nytilsette bestemmer seg for å springe saman med Joakim dagen etter, og ho forklarar han at ho lurar så på kvifor han spring. Kva for tankar gjer du deg om at ho vel å møte Joakim på denne måten? Kva for ei betydning trur du det kan ha for han?
- Kvifor trur du den tilsette svarer på denne måten: «Kor kjem jævelen opp, Joakim? Kor? Kor?» når han roper til henne og forklarar at jævelen kjem opp av bakken. Kva ville du sjølv sagt og gjort i same situasjon, og kvifor ville du gjort det på den måten?
- Kva for ei betydning har det for barn at tilsette ser barnet bak alle handlingar? Snakk saman om kva for skildringar av barn som brukast i din barnehage. Kva for ord brukast ofte? Bidrar orda og skildringane til at tilsette ser barn sitt perspektiv?